



Til avtalepartane

Jordbruksforhandlingane 2016

Gode og funksjonelle velferdsordningar i landbruket er viktig for å oppretthalde eit landbruk over heile landet. Å vera bonde kan i mange tilfelle vera einsamt, og gå ut over familieliv og fritid. Det er ingen tvil om at avløyingsordningane er viktige for å gjera bondeyrket til ein god arbeidsplass. Velfungerande ordningar er med å bidreg til rekruttering til næringa. Den viktigaste ressursen i avløyingsordninga er den kvalifiserte arbeidskrafta, og eit mål med ordninga er at alle skal få tilgang til avløyingsar når det er trong for det.

Med bakgrunn i desse tankane har bøndene valt å organisere seg i Landbrukstenester/Avløyingsarlag. Gjennom samvirket er alle med å bidreg til å løyse ei oppgåve, som er vanskeleg å løyse åleine. Sidan tidleg 80-tal har Landbrukstenestene/Avløyingsarlaga utvikla seg til å bli profesjonelle bemanningsføretak for landbruket.

Velferdsordningene består i dag av følgjande ordningar;

Avløyings ved ferie og fritid som er ei refusjonsordning i jordbruksavtalen der bønder med husdyrproduksjon kan få dekkja utgifter inntil et visst beløp til avløyings, avhengig av storleik på bruket. Ordninga har som føremål å bidra til eit aktivt og bærekraftig jordbruk innafor dei målsettingar Stortinget har satt opp.

Avløyings ved sjukdom som har til føremål å medverka til å dekkje kostnadane til avløyings ved eigen eller barn sin sjukdom, svangerskap, fødsel, adopsjon eller omsorgsovertaking og ved dødsfall. Tilskottet vert gjeve til dokumenterte, faktiske utgifter til avløyings i perioden det vert søkt tilskott for.

Landbruksvikarordninga der landbruksvikarar skal avløyse bøndene ved akutt sjukdom og i krisesituasjonar. Det er Landbrukstenestene/Avløyingsarlaga som administrerer ordninga.

Sjukepengeordninga som skal sørge for at jord- og skogbrukarar får utbetalt sjukepengar rekna ut frå 100% grunnlag frå 17. dag i sjukemeldingsperioden.

Tidelegpensjon som skal bidra til å lette generasjonsovergangar i jordbruket for dei som har hatt hovuddelen av inntektene sine frå jordbruk/gartneri og skogbruk. Meinings er å bidra til tidlegare generasjonsskifter og dermed stimulera til rekrutteringa.

Det er naudsynt å sjå alle avløyingsordningane under eit. Svekking av ei ordning kan medføre reduserte tenester i andre ordningar. Det er viktig at endringane som er gjort i forskriftene ikkje går ut over sjansen til å få ferie og fritid, eller går ut over beredskapen når bonden vert sjuk. Landbrukstenestene/Avløyingsarlaga har igjennom Landbruksvikarordninga stilt seg som garantistar for beredskap ved sjukdom. Landbrukstenestene/Avløyingsarlaga er avhengig av jamn sysselsetting ved ferie og fritid for å kunne tilby beredskap ved sjukdom. Det er ofte same arbeidskrafta som vert nytta. Det er kvart år trong for mange fleire årsverk avløyings ved sjukdom enn det som er løyvd gjennom Landbruksvikarordninga.

Ved å godkjenne spesifiserte fakturerbare arbeidstenester som dokumentasjon for avløyings ved ferie og fritid er det viktig å følgje med på at tilskottet vert nytta etter føremålet. Dersom ein i ein pressa kvardag ikkje ser seg råd til ferie eller fritid, men nyttar tilskottet til andre tenester kan dette på sikt føre til meir sjukdomsavløyings og fare for dårlegare dyrevelferd.



Vedlegg

I tillegg til gode rammevilkår er det naudsynt at tilskotta følgjer kostnadsutviklinga. Dagsats ved sjukdom har stått i ro dei to siste åra. Dette medfører ein større eigendel ved sjukdom, der kostnadane fort kan bli store på kort tid. I tillegg så fører dette til ei dyrare Landbruksvikarordning for Landbrukstenestene/ Avløyssarlag. Tilskottet ved ferie og fritid har fått eit etterslep i forhold til kostnadsutviklinga dei siste åra.

Prioriterte punkt

1. Tilskotta må følgje kostnadsutviklinga. Dette gjeld alle tilskotta, men det er spesielt viktig at dagsats ved sjukdom vert heva med verknad frå 2016.
2. Rammevilkåra til avløyssing ved ferie og fritid og avløyssing ved sjukdom må leggest til rette slik at ordninga vert etter formålet.
3. Sett i lys av endra rammevilkår ved ferie og fritid og sjukdom må Landbruksvikarordninga evaluerast og tilførast meir midlar.
4. I ordninga med sjukdom bør det leggest til rette for;
 - a. Færre kommunar handsamer søknader
 - b. Ingen reduksjon i tilskott med bakgrunn i andre inntekter

Sjå vedlegg for meir utfyllande informasjon



Vedlegg

Tilskotta må følge kostnadsutviklinga

For å ta igjen tap i kostnadsutviklinga bør tilskott ferie og fritid i år aukast til minimum kr. 83.000,-.

- Tal på dagar/timar ferie og fritid ein bonde får for tilskottet er kraftig redusert då utviklinga på tilskott ikkje følger kostnadsutviklinga. Sjølv om lønna til avløyserane er lav i forhold til mange andre yrkesgrupper, er timeprisen bonden må betala for kvalifisert arbeidskraft etter minstetariff, i 2015, kr. 240,46¹ inklusive sosiale utgifter, forsikringar og administrasjon. Ein bonde med maks tilskott på kr. 74.200,- vil då kunne få ferie- og fritidsavlysing i ca. 308,5 timer eller ca. 41 dagar. I 1998 kosta arbeidskrafta kr. 137,70² i timen, og maks tilskott var kr. 48.000,-. Same bonden fikk då ca. 348,5 timer eller ca. 46 dagar ferie- og fritidsavlysing for tilskottet.

For å ta igjen tidlige tap i kostnadsutviklinga bør tilskott pr. dag under sjukdom i år aukast til minimum kr. 1.800,-. Tilskottet bør aukast allereie for 2016.

- Når det gjelder avlysing under sjukdom er den reelle kostnaden etter minstetariff i 2015 kr. 1.803,40³ pr. dag, mens tilskottet er kr. 1.500,- pr. dag. Dette medfører ein eigendel pr. dag på kr. 303,40. Ved langvarig sjukdom medfører dette ein stor økonomisk belastning i tillegg til sjukdomen.

Ferie, fritid og Sjukdom

Gode velferdsordningar er viktige moment både med tanke på rekruttering av nye bønder og for at etablerte bønder skal fortsetja i næringa. Fleire undersøkingar viser at denne ordninga står høgt oppe over prioriterte saker i næringa. Regelmessig ferie/fritid er og med på å redusera faren for sjukdom.

Det er no opna opp for at andre føretak enn Landbrukstenester/Avløyserlag kan selja avløyseratenester til bonden. Dette kan vere positivt der det i dag er vanskelig å rekruttera avløyserar. Det som ikkje er positivt er at det samtidig er opna opp for å bruka tilskotta til kjøp av tenester som ikkje nødvendigvis fører til ferie, eller meir fritid for bonden. Det er viktig å sjå at formålet for tilskottet blir følgt.

Det er i dag Landbrukstenestene/Avløyserlaga som garanterer for beredskapen ved sjukdom hos bonden. Først og fremst igjennom Landbruksvikarordninga, men og ved bruk av ordinære avløyserar for å dekke opp dei årsverka som er utanom Landbruksvikar. I begge tilfella er det nødvendig med eit visst volum ferie og fritid for å kunne tilby beredskap ved sjukdom. Det er viktig å sjå samanhengen i dette. Ei svekking av ferie og fritid igjennom Landbrukstenester/Avløyserlag kan føre til svekking i beredskapen ved sjukdom.

Det er viktig å følgje med slik at endringar som er gjort ikkje fører til:

1. svekka beredskap og dårlegare tilgang på kvalifisert arbeidskraft
2. omgåing av regelverket
3. sosial dumping

Basert på ein ekstern evaluering av tilskottsordninga ved sjukdom og fødsel har Landbruksdirektoratet kome med ein innstilling til departementet før årets

¹ Minstelønn pr. time kr. 175,90. Sosiale kostnader, forsikring med meir 36,7 %

² Lønn pr. time kr. 103,05. Sosiale kostnader, forsikring med meir 33,6 %

³ Kr. 237,93 pr. time x 7,5 timar



Vedlegg

jordbruksforhandlingar. Her er det 3 punkt til forbedring som er foreslått. Vi meiner at det er viktig å fokusera på følgjande punkt for å få ei raskare sakshandsaming og utbetaling av tilskottet;

- a. Færre kommunar handsamer søknader
- b. Ingen reduksjon i tilskott med bakgrunn i andre inntekter

Etter at Landbrukstenestene/Avløyarlaga ikkje lengre kan ta imot tilskott på vegne av eigarane ser vi at det for mange blir store kostnader som skal forskotterast ved eigen sjukdom. Kostnadane kan fort kome opp i fleire titusenar på kort tid. Då kostnadane vart refundert Landbrukstenestene/Avløyarlaga, både ved ferie/fritid og ved sjukdom, hadde dei sjansen til å forskottere på vegne av bonden. Det er derfor viktig å få ned sakshandsamingstida ved sjukdomsavløyning til eit minimum.

Det bør også sjåast på moglegheit for å gje dispensasjon utover 365 dagar samanhengande sjukdom. Det er levande dyr det er snakk om, og det kan ikkje være ventetid på operasjon eller liknande som bestemmer om livsverket skal leggest i ruiner.

Landbruksvikarordninga

Tilskottet i ordninga har stått i ro sidan starten og ikkje følgt kostnadsutviklinga. Dette har delvis vorte kompensert ved ei auking i dagsats sjukdom fram til og med 2014. Dei to siste åra har både tilskott og dagsats stått i ro, og fører til større kostnader for Landbrukstenestene/Avløyarlaga. Når regelverket samtidig opnar opp for at andre aktørar kan selja tenester innafor velferdsordningane, utan dei same forpliktingar til å stille beredskap ved sjukdom, er dette ein lite ønska utvikling.


Tilskottet til Landbruksvikarordninga må aukast for å følgje kostnadsutviklinga, slik at det vert mogleg fortsatt å ha tilsett vikarar med høg kompetanse.

I ei evaluering av ordninga er det viktig å sjå på følgjande;

I tillegg til ordinær kursing og etterutdanning bør ein landbruksvikar ha moglegheit til å få opplæring i varierende produksjonar og driftsformer på ulike gardar. Kontinuerleg opplæring og kompetanseheving er kostbart, og må dekkast inn av tilskottet og ikkje belastast den del av tilskottet som er øyremerka administrasjon. Landbruksvikaren skal kunne overta drifta på eit gardsbruk i akutte situasjonar. Dersom ein skal ha ein reell beredskap ved akutt ulykke eller sjukdom, bør landbruksvikarane på førehand ha gjort seg kjent på gardsbruk i det geografiske området sitt. Det bør bli rom for praksis og besøk utan at det blir fakturert brukaren. Det er eit mål om å komme rundt til alle i løpet av nokon år. Det er i dag mange bruk som aldri har besøk av avløyasar. Det ville være eit framsteg for Landbruksvikarordninga om vi også kan bli sikre på at landbruksvikarane kan takle ein akutt situasjon på desse bruca. Eit slikt besøk kan også verke preventivt på fleire områder.

Når det blir opna opp for at andre aktørar skal konkurrere på same marknad, utan dei same forpliktingar til å levere beredskap ved sjukdom, er det viktig at økonomien i ordninga er så god at Landbrukstenestene/Avløyarlaga fortsatt vågar å satsa på ordninga.

Med helsing
Norske Landbrukstenester


Harald Lie
Styreleiar